

# Startar produksjon av ull frå alpakka

# Startar produksjon av ull frå alpakka



– Eg angrar ikkje eit sekund på at vi byrja med alpakka, seier Connie Haugen.

**Alpakka-pionerane Connie og Olav Reidar Haugen har nådd ein milepæl når dei no er i gang med foredling og sal av den eksklusive ulla.**

Harald Vartdal  
Harald.vartdal@fjordingen.no

– Vi er fire alpakka produsentar i Norge som har gått saman om å spinne ull. No er også første produkt klart for sal, fortel leiar i Norges Alpakka Avslag, Olav Reidar Haugen. Som overlet til kona å beskrive salsartikkelen med stempelet Norsk Alpakka.

– Første produktet vårt er ammeinnlegg. Tilbakemeldingane frå mødre som har brukt innlegget over fleire månader, er veldig gode, fortel Connie Haugen.

På nettbutikken og i direkte sal kan folk etterkvart kjøpe fleire ferdige produkt og eit stort utval garnneste. At dette er eksklusive vare, viser i gjen på prisen.

– Vi tek 95 kroner for nøste på 50 gram. Då får ein 180 meter tråd av beste kvalitet, forsikrar Connie og Olav Reidar Haugen.

**Lang prosess**  
For ektepart i Indre Hornindal har det vore ein lang prosess frå dei fekk ulla om import, avl og foredling av ull frå dyrerassen som vanlegvis held til på andre sida av jordkloden.

– Eg vart først kjend med alpakkaoppdrett då ei journalistvenninne sende meg ein artikkel frå oppdrett i Minnesota. Men då hadde Olav Reidar allerede skaffa seg ein del kunnskap om korleis dette kunne bli eit alternativ til tradisjonelt norsk jordbruk, smiler amerikanske Connie.

– Det har vore ein lang veg å gå. Før første bestilling av 15 alpakka frå Chile i 2004, hadde vi innhenta mykje informasjon. M.a.



Alpakkaflokken har funne seg godt til rette på garden i Indre Hornindal.

ved besøk på ein alpakkagard i England. Det var også nødvendig å bygge om sauefjosen, seier Olav Reidar.

## 70 dyr importert

Sidan 2005 har familien Haugen importert 70 alpakka fordelt på fem leveransar. I løpet av dei fem åra er det født eit titals dyr på garden. Drektige alpakka er selde til kundar frå Lofoten i nord til Lista i sør. På garden i Indre Hornindal tek dei også imot alpakka for bedekking.

– Vi har for tida 25 alpakka, derav tre hingstar. Til somnaren får vi 25 nye dyr. Desse er kjøpte i Australia og står no i seks måneders karantene i New Zealand. Etter den lange turen til Norge ventar ytterlegare seks måneders karantene her i Hornindal. Så det er ein omstendleg prosess å importere

alpakka, fastslår leiar av Norges Alpakka Avslag.

## – Kvalitet i botnen

– Vi har heilt frå starten vore klare på å ta eit steg av gangen. Dei tre første åra konsentrerte vi alt arbeidet om å bygge opp ein god grunnstamme av alpakka i Norge. Kvalitet i botnen er avgjerande for å lukkast. No finst det 26 alpakka produsentar med til saman over 200 alpakka. Dermed er grunnlaget lagt med tanke på foredling av ulla, opplyser Olav Reidar Haugen.

– Kor mykje ull får de frå kvar alpakka?

– I følge boka ligg det på tre til fem kilo per dyr ved klipping ein gang i året (om våren). Men mengda varierer frå dyr til dyr. Ein av dei tre hingstane våre leverer sju kilo. På same tid som dyra skal



Connie og Olav Reidar Haugen viser fram eit utval garnneste og ammeinnlegget som dei er i gang med å selje.

gjø mykje ull, er det viktig å halde oppe kvaliteten på finheita fiber. Fordelen med produksjon i Norge er at vi kan kvalitetssikre produktet fullt ut. Kvar gong eit dyr blir klipp, vert ullprovet sendt til laboratorium i USA, fortel Haugen.

## Økologisk

– Kva er så unikt med ull frå alpakka?

– Alpakkaulla består av innhola fiber som i menneskehår. Ho er både lett og samstundes veldig sterk. Ulla er fri for lanolin, dvs. spesielt eigna for allergikarar. I foredlingsprosessen vert det ikkje nytta kjemikalier av noko slag. Så dette er eit økologisk produkt. Kile av finheita alpakkaull vil ikkje klø, forsikrar mannen som i 1991 var første nordfjordingen som satsa økologisk på sau. Han er heller ikkje i tvil om at kortreist produksjon av alpakkaull byr på fordelar.

– I dag blir det importert 50 tonn alpakkaull til produksjon i Norge. I eit CO2-rekneskap vil vår ull vere vinnaren. Eg er sikker på at kortreist produksjon på sikt gjev store konkurransefordelar, hevdar Olav Reidar Haugen.

## Spinnere i Seljord

Det tusen garnneste som ligg til sals i nettbutikken, er foredda på spinne-

riet i Seljord og møsta opp på maskinene som står i Sigdal. Connie og Olav Reidar Haugen ser ikkje bort frå at dei framtidige kan bli aktuelt å foreldre alpakkaull i Hornindal.

– Per i dag har vi avgrensa tilgang på ull. Men i løpet av 2011/2012 vert mengda dobla. Då vil det heile skytte fart for alvor, trur ekteparten som fekk ulike reaksjonar då dei lanserte planane om å skifte ut sauer med alpakka.

– Tener de pengar på alpakka? – Hittil har det mest pengar ut. Men no er grunnlaget lagt for å kunne få fortene av arbeidet. Med 25 års levetid blir det ein del ull, slår dei fast.

**Revyinnslag**  
– Mange stussa då de erstatte sauen med alpakka? – Ja, he-he. Det vart no i alle fall eit godt poeng til fotballvennen. Sjølv om ingen lo når dei snakka med meg direkte, var det sikkert dei som såg på dette som endå eit mine mange påftunn, humrar Olav Reidar Haugen.

– Men no kan de forsikre alle om at alpakkaeventyret i Hornindal er liv laga?

– Ja, det har i alle fall blitt realist. Etter fem år med velt på avl kan vi satse på produksjon og sal av ull frå alpakka, sluttar Connie og Olav Reidar Haugen.

## 85.000 kroner per dyr

Olav Reidar Haugen har ikkje noko imot å fortelje kor mykje han får betalt ved sal av alpakka.

– Eg tek 85.000 kroner for eit drektig dyr. Når ein tenkjer på kva det kostar ved innkjøp, karantene, transport, forsikringar m.m., er det ikkje meir enn vi ha må, fastslår Olav Reidar Haugen.

## Trivst i kulden

Alpakkaflokken i Indre Hornindal har på ingen måte lete seg skremme av sprengkulden i vinter.

– Dyra kosar seg når kvikksølvet kryp under 15 grader. Med opa dør vekslar dei mellom å vere ute og inne, fortel Connie Haugen.

– Kor ofte forar de dyra? – I vinter får dei høy ein gong for dag. Alpakka er lettslelte og reinslege dyr. Med sin intelligens og individuelle preg er dei lette å bli glad.

## – Spytтар ikkje på folk

– Vi får veldig mange spørsmål frå folk som har lesse eller sett bilde av alpakka som spytтар. Men det skjer berre når dei skal markere sin plass i hierkiet. At dei spytтар på folk er ein myte, seier Connie Haugen.

## Tre dyr døde

I løpet av sine fem åra som alpakkaoppdrettar, har familien Haugen opplevd at tre dyr døde. I det eine tilfellet var det snakk om ulukke. I tillegg var det to dyr som ikkje klarte den lange transporten over to kontinent.

– Utanom desse tilfella har oppdrettet gått veldig fint, fortel Connie og Olav Reidar Haugen.

## Deltek på messe

Connie og Olav Reidar Haugen er saman med andre norsk alpakka produsentar inviterte til å delta på den store vilmarksmessa som vert arrangert på Lillestrøm 8.-10. april.

– Dette blir ein glimrande sjansen til å syne fram levande dyr og produkt av alpakkaull, seier ekteparet som skriv historie då dei nytårsafta for fem år sidan fekk sine første alpakka.

## Turistattraksjon i Indre Hornindal

Alpakkagarden i Indre Hornindal har blitt ein attraksjon.

– I løpet av somnaren stoppar tusenvis av bilar for å sjå og fotografere flokken vår. Dyra ser ikkje ut til å ha det minste imot denne merksemda, fortel Connie Haugen.